



Landbruksdirektoratet  
Eanandoallodirektoráhtta

## Søknad om bygging av landbruksveg

Søknaden skal sendast til kommunen

Tøm skjema

Journalnummer

År 2017	Fylke Hordaland	Kommune Radøy
------------	--------------------	------------------

### 1. Er tiltaket søknadspliktig?

**Søknadspliktige tiltak:** Nybygging og ombygging av landbruksvegar etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier (landbruksvegforskrifta)<sup>1</sup> er søknadspliktig. Eit tiltak kan vere søknadspliktig sjølv om det er angitt som ikkje søknadspliktig lenger ned i dette skjemaet. Dette er tilfelle der tiltaket kan ha vesentleg påverknad på dei omsyna som er nemnde i § 1-1 i landbruksvegforskrifta. Du kan ikkje starte opp byggearbeidet før kommunen har gitt løyve.

**Tiltak som ikkje er søknadspliktige:** Opparbeiding av oppstillingsplass for landbruksmaskinar til bruk på eigedomen eller enkle avkøyringar frå godkjente landbruksvegar, er ikkje søknadspliktige. Det same gjeld enkle og mellombelse driftsvegar som berre medfører små terrenginngrep. Med små terrenginngrep meines planering med samla omfang på inntil 150 meter eller på areal mindre enn 450 m<sup>2</sup>, der fylling/skjering ikkje fører til meir enn 1 meter avvik frå det opphavelige terrengnivået (sjå unntaket ovanfor).

### 2. Kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Før du sender inn skjemaet må du finne ut om tiltaket er søknadspliktig etter punkt 1, og om søknaden skal behandlast etter landbruksveg-forskrifta eller plan- og bygningslova. Du kan berre nytte dette skjemaet dersom tiltaket skal behandlast etter landbruksvegforskrifta, det vil seie når over 50 % av samla nytte er knytt til landbruksverksemd. Les òg rettleiinga bakerst i dette skjemaet.

Dersom delsum landbruksnytte (L) er større enn delsum andre interesser (P) i vegen (L > P), skal søknaden behandlast etter landbruksveg-forskrifta. I så fall skal du bruke dette skjemaet og levere det til kommunen, saman med vedlegga.

Dersom delsum andre interesser (P) er større en landbruksnytte (L) i vegen (P > L), skal søknaden behandlast etter plan- og bygningslova. Då skal du ikkje bruke dette skjemaet. Ta kontakt med kommunen din for meir informasjon rundt søknadsreglane for tiltak etter plan- og bygningslova.

Landbruk (L)		Andre formål utanom landbruk (P)	
Skogbruk	40 %	Privat bustad	%
Utmark	%	Privat hytte	%
Jordbruk	60 %	Hyttefelt	%
Seterverksemd	%	Næringsbygg	%
Gardsturisme	%	Aktivitetsbygg	%
Kraftverk, ikkje konsesjonspliktig (<1MW)	%	Kraftverk, konsesjonspliktig (>1MW)	%
Landbruksbygg	%	Anna, grei ut	%
Anna, grei ut	%		
Delsum landbruksinteresser (L)	%	Delsum andre interesser (P)	%
<b>Totalsum L + P = 100%</b>			

3. Opplysningar om søkar		
Gnr./bnr./fnr. 93/5	Organisasjonsnr./fødselsnr.	Telefonnr. 56372081
Søkarens namn Hogne Jarle Straume	E-postadresse	
Adresse Straumsvegen 9	Postnr. 5939	Poststad Sletta

4. Generelt om vegtiltaket (berre permanente tiltak)		
Vegnamn Langhaugvegen	Vegplanleggar Hogne Straume	
Er vegen en del av hovudplan for vegar eller anna overordna transportplan?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Er avkøyring frå offentleg veg godkjent av vegstyresmaktene?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ikkje aktuelt
Er naboar, rettshavarar eller andre som vedkjem tiltaket varsla?	<input type="checkbox"/> Ja, liste er lagt ved	<input checked="" type="checkbox"/> Nei, ikkje aktuelt (legg ved grunngeving)
Antall interessentar/parteigarar i vegen:	1	stk.

5. Om tiltaket			
Fyll ut for permanente tiltak			
Totalareal dekar	Produktiv skog dekar	Hogstmoden skog m <sup>3</sup>	Jordbruksareal dekar
Nyanlegg lengde	meter	Nyanlegg kostnad	kr.
Ombygging lengde	120 meter	Ombygging kostnad	kr.
Søknadspliktig punktutbetring. Fører tiltaket til heving av vegklassa (ombygging) <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
<input type="checkbox"/> Bru <input type="checkbox"/> Bæreevne <input type="checkbox"/> Kurvatur <input type="checkbox"/> Stigning <input type="checkbox"/> Snuplass <input type="checkbox"/> Velteplass <input type="checkbox"/> Anna, grei ut			
Skal det anleggast massetak knytt til vegen? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
Dersom ja, anslå antall m <sup>3</sup> masse som skal hentast ut		m <sup>3</sup>	
Landbruksvegklasse <input type="checkbox"/> 2 <input type="checkbox"/> 3 <input type="checkbox"/> 4 <input checked="" type="checkbox"/> 5 <input type="checkbox"/> 6 <input type="checkbox"/> 7 <input type="checkbox"/> 8 <input type="checkbox"/> Avvik frå vegklassa			
Dersom avvik frå vegklassa, grei ut om årsaka			
Fyll ut for mellombelse tiltak			
<input type="checkbox"/> Oppstillingsplass for landbruksmaskinar <input type="checkbox"/> Enkel avkøyring frå landbruksveg <input type="checkbox"/> Enkle og mellombelse driftsvegar			
<input type="checkbox"/> Lengde over 150 m <input type="checkbox"/> Lengde under 150 m <input type="checkbox"/> Skjering/fylling over 1 m <input type="checkbox"/> Skjering/fylling under 1 m <input type="checkbox"/> Areal over 450 m <sup>2</sup> <input type="checkbox"/> Areal under 450 m <sup>2</sup>			
Storleiken på driftsområdet som tiltaket betener		dekar	
Vil arbeidet med å gjennomføre sjølve tiltaket vare utover søknadsåret? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom ja, kor mange år			år
Har du vurdert å bruke driftsmetodar som ikkje krev bruk av tiltaket du har søkt om? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
Før opp kostnadsauken ved å ikkje bruke det mellombelse tiltaket		kr/m <sup>3</sup>	
Grei ut			
Planlagde tiltak i etterkant			
<input type="checkbox"/> Forynging/gjenplanting <input type="checkbox"/> Reparere vasslaup <input type="checkbox"/> Oppretting køyrespor <input type="checkbox"/> Tilbakeføring av driftsveg/deaktivering <input type="checkbox"/> Anna			
Grei ut			

## 6. Omsyn til miljøverdiar og andre interesser

Følgande miljøverdiar er registrert, jamfør rettleiinga

Naturmangfald  Ja  Nei Landskap  Ja  Nei Kulturminne  Ja  Nei Friluftsliv  Ja  Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar, og kjelder for funn

Andre interesser som tiltaket rører ved

Verna vassdrag  Ja  Nei Reindriftsinteresser  Ja  Nei Vernskog  Ja  Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar og kjelder for funn

Ligg vegtraseen i område med fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred?  Ja  Nei

Dersom ja, beskriv årsaka

Kan tiltaket gi ei auke i fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred?  Ja  Nei

Dersom ja, beskriv årsaka og planlagde omsyn

Kan tiltaket føre til auka fare for flaum-, erosjon- eller skredskadar på omkringliggende bustader, anlegg eller anna offentlig infrastruktur (vegar, jernbane og så vidare)?  Ja  Nei

Dersom ja, beskriv planlagde omsyn

På kva måte ligg tiltaket samanlikna med marin grense:  Over  Under  Både over og under

Dersom heile eller delar av tiltaket ligg under marin grense, grei ut om planlagde omsyn

Eventuelle kommentarar

## 7. Underskrift

Eg er ansvarleg for, og godtar å gjere meg kjend med forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier og andre aktuelle lover og reglar i samband med tiltaket. Eg er òg ansvarleg for, og godtar å gi naudsyn og korrekte opplysningar til kommunen som grunnlag for behandling av søknaden. Dette gjeld òg i samband med kontrolltiltak. Eg er kjend med at eg ikkje kan setje i gang med å bygge utan skriftleg løyve i frå kommunen. Opplysningane i denne søknaden inkludert vedlegg er gitt etter beste skjønn og så fullstendig som mogleg. Eg er kjend med at eg kan komma i straffeansvar dersom eg gir urette eller ufullstendige opplysningar.

Stad og dato

Underskrift

Manger 12/1-2017 Høgne Strømme

## Kartvedlegg

Kart skal leggst ved søknaden både for permanente vegar og mellombelse tiltak.

Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000, og oversiktskart i målestokk 1:50 000, skal følge søknaden. Følgande opplysningar skal markerast på kartet:

a) Planlagt vegtrase (brotten raud strek). Eventuelle alternativ skal merkast tydeleg (og skal vere nummererte).

b) For mellombelse driftsvegar i skogbruket skal driftsområdet markerast (brotten/stipla blå strek).

c) Dekningsområdet for den planlagde vegen/tiltaket (heil blå strek).

d) Planlagde massetak i samband med tiltaket (ring inn med raud strek).

e) Eksisterande vegar med betydning for dekningsområdet (heil svart strek).

f) Busetnadar, offentlig infrastruktur og andre interesser som vegen/tiltaket kan få følger for (heil gul strek). Dette gjeld òg dersom desse ligg vekke i frå sjølve vegen, til dømes i dalbotnen

g) Markér på kartet kjente miljøverdiar som bygging eller køyring på vegen kan få følger for, vis òg til opplysningar på søknadsskjema (heil grøn strek).

h) Aktsomsområde for jord- og flaumskred (Skrednett).

i) Marin grense og eventuelle identifiserte faresoner for kvikkleire (Skrednett).

Vedleggsliste	Vedlagt	Ikkje vedlagt
Oversikt over interessentane i vegen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Oversikt over naboar, rettshavarar og andre som tiltaket kan få følger for	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Oversiktskart i målestokk 1:50 000, med tiltaket teikna inn	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eiga vurdering av vegen sin verknad på flaum- og skredfare for bustadområde og infrastruktur, og kva for omsyn som eventuelt er tatt med i planen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eventuelle fråsegn frå vegplanleggar eller geoteknisk sakyndig	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>



## Rettleiing

### Rettleiing til søknadsskjema om bygging av landbruksveg

Du skal nytte dette skjemaet ved søknad om bygging og ombygging av landbruksveggar etter landbruksvegforskrifta, stadfesta av Landbruks- og matdepartementet.

Du kan ikkje starte opp med å bygge vegen før du har fått løyve i frå kommunen. Du kan klage kommunen sitt vedtak inn til Fylkesmannen, jamfør landbruksvegforskrifta § 4-1 og forvaltningslova kapittel VI.

### Kommunen si behandling av søknaden etter naturmangfaldlova

Kommunen skal òg vurdere tiltaket etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

Vurderingane av prinsippa skal komme til uttrykk i kommunen si saksframstilling og vedtak. Kommunen skal vurdere påverknad på naturmangfaldet av sjølve vegtraséen, med grøfter og vegskulder og eventuelle nye massetak langs vegen.

### Rettleiing til utfylling av punkta i søknadsskjemaet:

#### 1 og 2. Er det eit søknadssøknadsskjema, og kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Ettersom søknad om vegbygging anten skal behandlast etter landbruksvegforskrifta eller plan- og bygningslova, må det først avklarast kva for regelverk vegsøknaden skal behandlast etter. Nytten av dei einskilde interessene skal fastsetast etter samla nytte av vegen. Dersom nytta knytt til landbruksverksemda utgjør over halvparten av den samla nytta, skal vegen behandlast etter landbruksvegforskrifta. Dersom ikkje, skal vegen behandlast etter plan- og bygningslova. Du kan nytte rettleiinga "Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss", jamfør Landbruksdirektoratet sine nettsider, som rettesnor for kva for tiltak som høyrer inn under landbruksomgrepet. Ta kontakt med kommunen din dersom du er usikker på kva måte dette vert avgjort. Du finn òg informasjon og ein kalkulator på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no), som kan vere til hjelp når landbruksinteressene til vegen skal fastsetast. Dersom nyttefordelinga blir rekna ut på anna måte, må utrekningane leggst ved søknaden.

#### 3. Opplysningar om søker

Det skal berre vere ein søker, òg i tilfelle der det vert søkt på vegne av fleire interessentar/eigarar i vegen etter skriftleg fullmakt. Søkarer pliktar å fylle ut søknadsskjemaet så utførleg som mogleg, og bidra med alle kjende opplysningar som kan vere av verdi for saksbehandlinga og avgjerla.

#### 4. Generelt om vegtiltaket

- Med hovudplan forstås vi ein heilskapleg vegplan, anten vegdelen inngår i kommunen sin oversiktsplan for skogbruk, eigen områdeplan/hovudplan for vegar, eller anna transportplan.
- Angi om det er inngått avtale med vegplanleggar eller om slik kompetanse er planlagt nytta for heile eller deler av tiltaket. Dersom vegtiltaket som det søkast om heilt eller delvis er under marin grense, og særleg i fareområde for kvikkleireskred, skal fråsegn frå geoteknikar som hovudregel leggst ved søknaden. Dersom søknaden omfattar vegtiltak der flaum, erosjon og/eller lausmasseskred kan ha vesentleg påverknad på bustader eller anna samfunns viktig infrastruktur, skal ei fråsegn frå vegplanleggar som hovudregel leggst ved søknaden. Kommunen kan i vedtaket stille vilkår om bruk av vegplanleggar med vidare.
- Avkøyrse frå offentleg veg og velteplass langs offentleg veg skal på førehand vere godkjend av vegstyresmaktene, jamfør forskrifta § 2-2.
- Ei liste over alle interessentane i vegen skal leggst ved søknaden. Før opp namn, adresse, telefon/e-post.
- Liste over naboar, rettshavarar og andre som blir rørt av tiltaket og som på førehand er varsla om veisøknaden, skal leggst ved søknaden.

#### 5. Om tiltaket

- Vegen sitt dekningsområde er det arealet som vegen betener.
- Det vert skilt mellom permanente og mellombelse tiltak. Dei permanente tiltaka er nybygging, ombygging eller punktutbetring. Tiltak som hever vegklassa i samsvar med dei nye vegnormalane, inkludert punktutbetringar, vil normalt vere ei søknadssøknadsskjema ombygging.
- Dei mellombelse tiltaka vil ofte vere graving av enkle driftsveggar i bratt terreng for å gjere skogen tilgjengeleg for hjulgåande skogsmaskinar. Desse driftsvegane skal normalt først tilbake og foryngast med skog etter avslutta hogst. I søknaden skal dei mellombelse driftsområda merkast av på kart med ei tyre avgrensing av det arealet som skal drivast med bruk av driftsvegane. Du må føre opp kor mange år det vil ta å gjennomføre drifta. Kommunen kan stille vilkår til planlegging og utføring med meir, jamfør forskrifta § 3-3 andre ledd
- Før opp planlagt vegklasse etter «Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse», som du finn under infrastruktur på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no)
- Vegklassene 2-3-4-5 er heilårs bilveggar eller sommarbilveggar, vegklasse 6 er vinterbilveg, og vegklassene 7 og 8 er traktorveggar. «Avvik i frå vegnormalene» er dei vegane som ikkje oppfyller vegnormalens krav, men som likevel medfører søknadssøknadsskjema ombygging jf. §1-2.
- Før opp utrekna byggekostnad og meter for det tiltaket det er søkt om.


#### 6. Omsyn til miljøverdiar og andre interessar

Søkarer må gjere greie for kjente miljøverdiar og bruksinteressar som blir rørt av det tiltaket som det er søkt om. Du finn kunnskap om miljøverdiar i eigedommen sin skogbruksplan, og i ulike innsynsløysingar og databasar (Kilden, Naturbase, Artskart, Skrednett osv.)

	Miljøverdiar/omsyn	Nettside	Informasjon om aktuelle kart
Naturmangfald	<b>Prioriterte artar og freda artar</b> <i>(Forskriftfesta)</i>	<a href="http://kart.naturbase.no">http://kart.naturbase.no</a>	Prioriterte artar blir fastsette i egne forskrifter etter naturmangfaldlova. Dei freda artane er lista opp i forskrift om freding av trua artar etter naturmangfaldlova.  Arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Underkategori, Arter av særlig stor forvaltningsinteresse. Kartlag: PA (prioriterte arter) og Fredete arter.  Søk kan òg gjerast i 'Artskart' hos <a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a> .
	<b>Utvalde naturtypar</b> <i>(Forskriftfesta)</i>		Alle utvalde naturtypar blir fastsette i eiga forskrift etter naturmangfaldlova. Utvalde naturtypar. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i>
	<b>Verneområde</b> <i>(Forskriftfesta)</i>		Verneområde blir oppretta etter naturmangfaldlova. Det blir vedtekne egne forskrifter for kvart einskilt verneområde. Verneområde. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i>
	<b>Miljøregistrering i skog (MiS) / Nøkkelbiotopar</b> <i>(Forskriftfesta og sertifisert)</i>	<a href="http://kilden.skogoglandskap.no">http://kilden.skogoglandskap.no</a>	Fane for arealinformasjon. Skog. Kartlag: <i>Miljøregistrering i skog (MIS)</i> .  Jamfør bærekraftforskrifta § 5, skal verdiane i viktige livsmiljø og nøkkelbiotopar takast vare på i samsvar med Norsk PEFC skogstandard ( <a href="http://www.pefcnorgerg.org">www.pefcnorgerg.org</a> ).
	<b>Verna vassdrag</b> <i>(Forskriftfesta)</i>		Fane for arealinformasjon. Eksterne. Kartlag: <i>Verna vassdrag (NVE)</i> .  Du skal krysse av for ja i søknadsskjema dersom vegen rører ei 100-meterssone på kvar side av verna vassdrag, med sideelver, større bekkar, sjøar og tjern. Der kommunen har fastsatt vassdragsbelte rundt verna vassdrag bruker du dette i staden for 100-metersbeltet.

Naturmangfald	Naturtypar ( <i>Ikke knytt til eiga forskrift</i> )	<a href="http://naturbase.no">http://naturbase.no</a>	Naturtypar. Kartlag: Hovednaturtype skog.
	Arter ( <i>Ikke knytt til eiga forskrift</i> )		Arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Underkategori, Arter av særlig stor forvaltningsinteresse. Kartlag: Trua arter.  Søk kan òg gjerast i 'Artskart' hos <a href="http://www.artsdatabanken.no">www.artsdatabanken.no</a> .
Landskap	Helhetlig kulturlandskap ( <i>Ikke knytt til eiga forskrift</i> )	<a href="http://kart.naturbase.no">http://kart.naturbase.no</a>	Kartlaget for <i>Helhetlige kulturlandskap</i> gir ein peikepinn på område der det er store kulturlandskapsverdiar.  Det finst ikkje egne kartlag for dei 22 utvalde kulturlandskapa i jordbruket. Desse områda har store biologiske- og kulturhistoriske verdiar.  I tillegg til <i>Helhetlige kulturlandskap</i> skal kartlaget <i>Hovednaturtype kulturlandskap</i> sjekkast, da dette viser registrerte skjøtselsavhengige naturtypar.  Informasjon om Utvalde kulturlandskap i jordbruket finn du på <a href="http://www.utvalgtekulturlandskap.no">www.utvalgtekulturlandskap.no</a> .
	Utvalde kulturlandskap i jordbruket ( <i>Vert forskriftfesta i 2016</i> )		
Kulturminner	Kulturminner og ståande byggverk ( <i>Lovfesta</i> )	<a href="http://kilden.skogoglandskap.no">http://kilden.skogoglandskap.no</a>	Kulturminner før år 1537 og ståande byggverk frå år 1537 – 1649, er automatisk freda, jamfør kulturminnelova. Fane for arealinformasjon. Eksterne Kartlag: <i>Arkeologiske kulturminner (RA)</i> .  Søk kan òg gjerast på 'Askeladden' og 'Kulturminnesøk' hos <a href="http://www.riksantikvaren.no">www.riksantikvaren.no</a> . Ikke alle arkeologiske kulturminner er registrert i basane eller fullstendig registrert.
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde ( <i>Servituttavtalar</i> )	<a href="http://kart.naturbase.no">http://kart.naturbase.no</a>	Friluftslivsområde. Kart: <i>Statlig sikra friluftslivområder</i> .  Områda er sikra gjennom langsiktige avtalar med staten (servituttavtalar). Vert forvalta gjennom mellom anna regulerings- og byggesaksføregnene i plan- og bygningslova, pålegg om tiltak etter forureiningslova og føresegnene i friluftslova om återfsreglar.
	Andre friluftsområde ( <i>Ikke knytt til eiga forskrift</i> )		Kartlagde friluftsområde. Kartlag: <i>Kartlagte friluftsområder</i> .
Anna	Reindriftingsinteresser ( <i>Lovfesta</i> )	<a href="http://kilden.skogoglandskap.no">http://kilden.skogoglandskap.no</a>	Fane for reindrift. <i>Alle kartlaga er aktuelle</i> .  Reindrifta vert regulert av reindriftingslova. Sjå nettsida <a href="http://www.reindrift.no">www.reindrift.no</a> .
	Vernskog ( <i>Forskriftfesta</i> )		Fane for arealinformasjon. Eksterne. Kartlag: <i>Vernskog</i>  Vernskog er basert på kommunale vedtak og egne forskrifter. Sjå dokument 'Forvaltning av vernskog (B-300 M-0618B)' hos <a href="http://www.regjeringen.no">www.regjeringen.no</a> .
	Lausmasseskred	<a href="http://www.skrednett.no">www.skrednett.no</a>	<i>Aktsomhetskart-skred i bratt terreng</i> .  <i>Faresonekart-skred i bratt terreng</i> .  NVE gjennomfører faresone- og aktsemdkartlegging av skred i bratt terreng for utvalde område, jamfør plan for skredfarekartlegging (NVE rapport 14/2011).
			<i>Kvikkleiresoner og marin grense</i> .  Ligg tiltaket under marin grense, er det generell fare for skred.  Er tiltaket i, eller nær, kvikkleiresone er det spesiell stor fare for skred, og tiltaket som må utgreiast av fagkyndige (geoteknisk).  NGU utviklar og held ved lag òg kartinnsyn om berggrunn, lausmasser, mineralske ressursar, grunnvatn m.m. Link til lausmassekart: <a href="http://www.ngu.no/kart-og-data/kartinnsyn">www.ngu.no/kart-og-data/kartinnsyn</a>
Flaum	<a href="http://www.nve.no">www.nve.no</a>	Kart og karttenester. Kartlag: <i>Flomsone</i> .  Flaumsonerkartet viser areal som vert fløymd over ved ulike flaumstorleikar. Det blir utarbeida flaumsoner for 20-, 200- og 1000-års flaumane, og omfatter areal med størst skadepotensial ved flaum.	








0 20 40 60m

Målestokk 1 : 4000 ved A4 utskrift  
Utskriftsdato: 12.01.2017

GÅRDSKART 1260-93/5  
Tilknyttede grunneiendommer:  
93/5





**NIBIO**  
NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI


Markslag (AR5) 13 klasser		AREALTALL (DEKAR)	
TEGNFORKLARING			
	Fulldyrka jord	80.7	
	Overflatedyrka jord	18.2	
	Innmarksbeite	74.9	173.8
	Skog av særst høg bonitet	99.8	
	Skog av høg bonitet	40.2	
	Skog av middels bonitet	0.0	
	Skog av lav bonitet	0.0	
	Uproduktiv skog	1.9	141.9
	Myr	27.7	
	Åpen jorddekt fastmark	0.0	
	Åpen grunnlendt fastmark	2.1	29.8
	Bebyggd, samf, vann, bre	4.8	
	Ikke klassifisert	0.0	4.8
	Sum:	350.3	350.3

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajournføringsbehov meldes til kommunen.

 Arealressursgrenser

 Eiendomsgrenser



0 100 200 300m  
 Målestokk 1 : 15000 ved A4 utskrift  
 Utskriftsdato: 26.01.2017

GÅRDSKART 1260-93/5  
 Tilknyttede grunneiendommer:  
 93/5



Markslag (AR5) 13 klasser		AREALTALL (DEKAR)	
TEGNFORKLARING			
	Fulldyrka jord	80.7	
	Overflatedyrka jord	18.2	
	Innmarksbeite	74.9	173.8
	Skog av særst høg bonitet	99.8	
	Skog av høg bonitet	40.2	
	Skog av middels bonitet	0.0	
	Skog av lav bonitet	0.0	
	Uproduktiv skog	1.9	141.9
	Myr	27.7	
	Åpen jorddekt fastmark	0.0	
	Åpen grunnlendt fastmark	2.1	29.8
	Bebygg, samf, vann, bre	4.8	
	Ikke klassifisert	0.0	4.8
<b>Sum:</b>		<b>350.3</b>	<b>350.3</b>

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjennelse. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajournføringsbehov meldes til kommunen.

— Arealressursgrenser  
 Eiendomsgrenser